

MØTEBOK

Organ:	Formannskapet
Stad:	Videomøte - Teams
Dato:	17.03.2021
Tid:	12:10 – 13:10 og 13:35 – 17:30

Funksjon	Namn	Parti	Forfall	Møtt for
Ordfører	Arnstein Menes	SP		
Medlem	Karen Marie Hjelmeseater	SP		
Medlem	Svein Jarle Slinde	SP		
Medlem	Bjarte Stedje	SP		
Medlem	Henny-Kristin A. Navarsete	AP		
Medlem	Gunnhild Olstad Bøyum	H		
Varaordfører	Vibeke Johnsen	SV		
Medlem	Frode Bøthun	KRF		
Medlem	Trude Risnes	V		

Til stades med møte- og talerett:

Rådmann Ellen Marie Njøs Lillesvangstu

Frå administrasjonen:Kommunalsjef for administrasjon og innovasjon,
Tor-Einar Holvik Skinlo
Kommunalsjef for plan og samfunn, Arne
Abrahamsen
Kommunalsjef for oppvekst, Ole Gunnar
Krakhellen
Kommunalsjef for helse og omsorg Katrine
Evebø**Sekretariat for møtet:**

Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Formannskapet valde ordføreren, Vibeke Johnsen (Sv) og Gunnhild Olstad Bøyum (H) til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Representanten Henny-Kristin Asperanden Navarsete (Ap) fekk permisjon frå kl. 14.15 til kl. 14.45 og deltok ikkje i handsaming av sakene 21 og 22/21. Stig Ove Ølmheim (Ap) tok sete som vara for Navarsete.

Representanten Svein Jarle Slinde (Sp) fekk permisjon frå kl. 15.15 og deltok ikkje i handsaming av sakene 23 og 24/21. Magne Bruland Selseng (Sp) tok sete som vara for Slinde.

Sak 20/21
Permitterte lærlingar Sogndalsmodellen

Vedtak, samrøystes:

1. Sogndal kommune skal tilby praksisplassar og lærekontraktar til permitterte lærlingar som følgje av COVID-19 pandemien. Desse plassane skal kome i tillegg til dei ordinære læreplassane i kommunen.
2. Eventuelle meirkostnadar som følgje av punkt 1 skal finansierast av vikatbudsjettet til sektorane og/ eller av midlar kommunen får overført som følgje av pandemien.
3. Sogndal kommune skal prioritere sommarjobb til elevar som ikkje har fått seg læreplass, eller som manglar praksis i yrkesfagleg fordjuping, i relevante fag.
4. Sogndal kommune skal i så stor grad som mogleg tilby praksisplassar til unge vaksne som manglar praksis for å kunne fullføre den vidaregåande opplæringa.

Sak 21/21
Oversyn over investeringsbehov innan skulesektoren og strategiske vegval for Sogndal sentrum

Frå rådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogndal formannskap sluttar seg til at det vert gjort ei samla vurdering av investeringsbehov innan skulesektoren, med særleg vekt på å gjere strategiske vegval for Sogndal sentrum.
2. Sogndal formannskap gjev følgjande mandat for arbeidet:

Gjennom utgreiinga skal Sogndal kommune;

A) For heile Sogndalsskulen:

1. Kvalitetssikre prognosar for elevtalsutvikling 2021 – 2036
2. Analysere behov for skulekapasitet i høve elevtalsutviklinga
3. Sikre ein heilskapleg gjennomgang av skulane i kommunen for å vurdere kapasitetsutnytting og behov (nosituasjonsanalyse)
4. Tilstandsvurdering av skulane (lovkrav, funksjonskrav, innemiljø, uteområde og arbeidsforhold for dei tilsette)
5. Leggje til rette for skulebygg som ivaretek samspelet mellom pedagogiske målsetjingar og bygningsmessig utforming

B) Særleg knytt til Sogndal sentrum skal det utgreiast og gjevast tilråding om:

1. Modell for utbygging av skulekapasitet i Sogndal sentrum
2. Lokalisering av utbygging
3. Stipulert kostnadsramme for utbygging

4. Utgreiinga skal ha med seg innspela som kom inn i avhelde innspelsmøte

C) Utgreiinga skal føreliggje til politisk handsaming seinast i kommunestyremøte september 2021. Komité for levekår er politisk styringsgruppe for planen, og har denne som tema på sine møter i 2021.

D) Rådmannen set ned ei partssamansett arbeidsgruppe som jobbar saman med ekstern konsulent.

E) Sogndal kommune er oppteken av medverknad frå brukarar, og komité for levekår vil saman med administrasjonen; kartlegge intressentar, fastsetje informasjonsaktivitetar og identifisere behovet for medverknadsaktivitetar inkl. møte og organisering av desse.

Endringsframlegg:

Venstre sette fram slike framlegg:

Tillegg i punkt 1:

Vurderingar og strategiske vegval må sjåast i lys av overordna samfunnsmål og satsingsområde med gode oppvekstvilkår og fruktbare tettstader i alle deler av kommunen.

Tillegg i punkt 2 B:

5. Utgreiinga skal vurdere ulike alternativ og modellar for korleis behova kan ivaretakast.

Avrøysting:

Framlegget frå Venstre vart samrøystes vedteke.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

1. Sogndal formannskap sluttar seg til at det vert gjort ei samla vurdering av investeringsbehov innan skulesektoren, med særleg vekt på å gjere strategiske vegval for Sogndal sentrum. Vurderingar og strategiske vegval må sjåast i lys av overordna samfunnsmål og satsingsområde med gode oppvekstvilkår og fruktbare tettstader i alle deler av kommunen.

2. Sogndal formannskap gjev følgjande mandat for arbeidet:

Gjennom utgreiinga skal Sogndal kommune;

A) For heile Sogndalsskulen:

1. Kvalitetssikre prognosar for elevtalsutvikling 2021 – 2036

2. Analysere behov for skulekapasitet i høve elevtalsutviklinga

3. Sikre ein heilskapleg gjennomgang av skulane i kommunen for å vurdere kapasitetsutnytting og behov (nosituasjonsanalyse)

4. Tilstandsvurdering av skulane (lovkrav, funksjonskrav, innemiljø, uteområde og

arbeidsforhold for dei tilsette)

5. Leggje til rette for skulebygg som ivaretek samspelet mellom pedagogiske målsetjingar og bygningsmessig utforming

B) Særleg knytt til Sogndal sentrum skal det utgreiast og gjevast tilråding om:

1. Modell for utbygging av skulekapasitet i Sogndal sentrum
2. Lokalisering av utbygging
3. Stipulert kostnadsramme for utbygging
4. Utgreiinga skal ha med seg innspela som kom inn i avhelde innspelsmøte
5. Utgreiinga skal vurdere ulike alternativ og modellar for korleis behova kan ivaretakast.

C) Utgreiinga skal føreliggje til politisk handsaming seinast i kommunestyremøte september 2021. Komité for levekår er politisk styringsgruppe for planen, og har denne som tema på sine møter i 2021.

D) Rådmannen set ned ei partssamansett arbeidsgruppe som jobbar saman med ekstern konsulent.

E) Sogndal kommune er oppteken av medverknad frå brukarar, og komité for levekår vil saman med administrasjonen; kartlegge intressentar, fastsetje informasjonsaktivitetar og identifisere behovet for medverknadsaktivitetar inkl. møte og organisering av desse.

Sak 22/21
Kommunal tilskot kompensasjonsordning til lokale virksomheter- jf. Prop 79S

Vedtak, samrøystes:

1. Formannskapet godkjenner «Retningslinjer for kommunalt næringsfond 2021 i Sogndal kommune» slik dei ligg føre.
2. Midlane skal lysast ut med ein gang, og søkast fordelt etter fylgjande nøkkel:
 - a. 60% til verksemder heimehøyrande i Sogndal kommune innan dei næringane som er prioriterte i retningslinjene
 - b. 20% til prosjekt med regionalt nedslagsfelt og med prosjekteigarar frå minst to kommunar
 - c. 20% til mobilisering til utviklingstiltak og fellesprosjekt (kurs, opplæring, tilrettelegging, forstudie osb.)
3. Det vert gjevne fylgjande fullmakter:
 - a. Inntil 200.000 delegert til administrasjonen i Sogndal kommune.
 - b. Søknadsbeløp over 200.000 delegert til formannskapet.

Sak 23/21
Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030

Frå plan og forvaltningsutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

Samfunnsplanen for Sogndal kommune 2021-2030 vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn slik han ligg føre, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.

Utvala, formannskapet og kommunestyret har innspelsmøte til planen i slutten av april/byrjinga av mai, og politisk slutthandsaming vert lagt til junimøta.

Endringsframlegg:

Formannskapet var samde om at det ikkje var behov for å vedta tillegget/andre avsnitt i tilrådinga frå plan og forvaltningsutvalet.

Avrøysting:

Første avsnitt i tilrådinga frå plan og forvaltningsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samfunnsplanen for Sogndal kommune 2021-2030 vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn slik han ligg føre, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.

Sak 24/21
Skriv og meldingar, drøftingar og orienteringar i formannskapet 17. mars 2021

Følgjande skriv, meldingar, drøftingar og orienteringar vart handsama:

A. Skriv og meldingar

1. Brev frå Sogn Regionråd datert 07.01.21 - Partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn
2. Brev frå Sogn Regionråd datert 26.02.21 - Innspel Regional transportplan for Vestland 2022-2033
3. Brev frå Statens vegvesen datert 23.02.21 - Rv. 5 forbi Sogndal sentrum, trafikk-løysing, planlegging
4. Årsmelding 2020 - Miljøretta helsevern
5. Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021 – 2024
6. Krafttak mot kreft 2021
Formannskapet løyver kr. 6500,- til føremålet med dekning frå politisk verksemd.

B. Drøftingar

1. 8. mai
Ordføreren følger opp.
2. 17. mai
Varaordføreren følger opp.
3. 22. juli
Ordføreren følger opp.
4. Regional transportplan – prioriterte vegstrekninger i kommunane
Ordføreren sender utkast til uttale til medlemmene i formannskapet.

C. Orienteringar

Frå rådmannen:

1. Tilskot - Sogndal - kommunalt rusarbeid 2021
2. Rask Psykisk helsehjelp
3. Grunnkjøp Fosshagen
Møtet vart lukka under 3.orientering, med heimel i kommunelova § 11-5 tredje ledd bokstav b)

Frå ordføreren:

1. *Ordføreren orienterte kort om situasjonen kring korona-smitte i Sogndal kommune.*
2. *Ordføreren oppmoda alle politiske parti i å engasjere seg i opplæringstilbodet ved Sogndal Vidaregåande skule i samband med handsaming av justert opplæringstilbod 2021.*

D. Innkomne spørsmål frå representantane

Trude Risnes (V):

Adm orienterte i haust om noko manglande kapasitet på økonomiområdet. Er det no gjort tilsettingar som ivaretek behova? Kan det kort informerast om korleis vi no er ivaretekne på området?

Henny-Kristin Asperanden Navarste (Ap):

Sommarjobb for ungdom Sogndal kommune

Svein Jarle Slinde (Sp):

1.Snøscooter:

Det er stort engasjement rundt snøscooter for tida, og det vil vera eit viktig tema i arbeidet vårt med arealden til kommuneplanen. Me må vera godt førebudde til dette, slik at me kan treffa gode avgjersler. Eg håpar at ordførar og representantar frå administrasjonen, kan besøke eller ha møter med kommunar og/eller snøscooterklubbar frå områder dei har fått snøscooterbruk inn i ordna former. Voss og Aurland kommunar er døme på slike stadar.

2. Brannstasjon på Hanahaug

Høringsfrist for Detaljreguleringsplan for Hanahaug brannstasjon gjekk ut den 15. mars, og eg lurar på kva grunnlaget for å leggja brannstasjon på Hanahaug er.

Er dette einaste plassen som er vurdert, eller er det og andre stadar som framleis er aktuelle?

Adminstrasjonen svarar skriftleg på spørsmåla, og svara vert lagt møteboka.